

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



03.06.2021 11:41:00 AR432813733

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Adresse: Alver, 137/804,

Kommune: Alver

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
137	804	0	0

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: GALTERÅSEN NÆRINGSOMRÅDE AS

Adresse:

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
137	832	0	0

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- Jeg har ingen merknader
 Jeg har merknader

SIGNERT AV

TRYGVE ANDÅS på vegne av GALTERÅSEN
NÆRINGSOMRÅDE AS

03.06.2021

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.



ARD AREALPLAN AS
c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30
5008 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppstartsmelding - Alver - 137/832 m fl - Galteråsen - næring - detaljregulering

Vi viser til brev datert 02.06.2021, med melding om oppstart av detaljregulering av Galteråsen i Alver kommune.

Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for utbygging av eit nytt næringsområde. Næringa ein ynskjer å leggje til rette for vil i hovudsak vere lagerverksemd og annan plasskrevjande næring, ikkje detaljhandel. Planen omfattar også ein samankopling mot eksisterande næringsområde søraust og nordvest for planområdet. Tilkomsten til planområdet vil vere gjennom det eksisterande næringsområdet i søraust.

Planområdet er i kommuneplan for Lindås (2019-3031) avsett til næringsområde. Planområdet har ein storleik på ca. 137,8 daa.

Det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing i samband med reguleringsplanarbeidet. Konsekvensutgreiinga skal ta for seg naturmangfald, økosystemtenester, nasjonalt og internasjonalt fastslåtte miljømål, forureining, klimaendringar, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og landskap

Statsforvaltaren sine merknader

Etter det vi kan sjå skal konsekvensutgreiinga og ROS-analysen ta for seg dei mest relevante plantemaa i planområdet.

Statsforvaltaren er særleg opptatt av at verknad for naturmangfald, klima, friluftsliv og landskap vert godt nok vurdert og at planforslaget tar omsyn til temaa og vurderer om det er naudsynt med avbøtande tiltak. Det må også vurderast om ny næring i område vil føre til auka støy i friluftsområdet og på støykjensle bygg i nærleiken. Dette må i så fall handterast i planarbeidet.

Friluftsliv

Det er viktig at tilgang til friluftsområdet vert oppretthalden og at tilgangen har kvalitetar som gjer at folk ynskjer å nytte den.



Klima

Det er registrert myr i området. Myr er lager for klimagassar og omdisponering av myr kan føre til at desse kjem ut i atmosfæren. Vi viser til Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing der det mellom anna står at planlegging skal bidra til reduksjon av klimagassar. Ein bør difor i størst mogleg grad unngå å plassera tiltak i myr. Om ein vurderer å omdisponere myr bør ein undersøke kva type myr det er snakk om og kor mykje klimagassar ein frigir ved utbygging.

Vi minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



15.06.2021 10:12:21 AR434625469

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Adresse: Alver, 137/804,

Kommune: Alver

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
137	804	0	0

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: FRODE NYHAMMER

Adresse: Alverflaten 85, 5911 ALVERSUND

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
137	322	0	0

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- Jeg har ingen merknader
- Jeg har merknader

Merknad til nabovarselet:

Håpar det ikkje vert industri med høgt støy nivå eller som framkallar mykje forureining. Til dømes steinknuseverk.

Dersom den som har sendt deg nabovarselet enkelt skal kunne kontakte deg ved behov, kan du legge inn e-post og/eller telefonnummer nedenfor. Dette er frivillig.

E-postadresse: mafrony@hotmail.no

SIGNERT AV

FRODE NYHAMMER på vegne av NYHAMMER FRODE

15.06.2021

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

15.06.2021 10:12:21 AR434625469

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



28.06.2021 14:21:25 AR436398124

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Adresse: Alver, 137/804,

Kommune: Alver

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
137	804	0	0

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: HORDALAND BYGGUTVIKLING AS

Adresse: Alvervegen 10, 5911 ALVERSUND

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
137	109	0	0

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- Jeg har ingen merknader
- Jeg har merknader

SIGNERT AV

ARVID RIKSTAD på vegne av HORDALAND
BYGGUTVIKLING AS

28.06.2021

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

ARD AREALPLAN AS
c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30
5008 BERGEN

Fråsegn til oppstart av planarbeid med planprogram - gnr 137 bnr 832 mfl. Alver kommune

Vi viser til brev datert 2.6.2021 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Galteråsen. Hovudføremålet med reguleringa er å leggje til rette for utbygging av eit nytt næringsområde. Næringa ein ynskjer å leggje til rette for vil i hovudsak vere lagerverksemd og annan plasskrevjande næring, ikkje detaljhandel. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan for Lindås, der området er sett av til næring. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Planområdet ligg nord for fv 565 Alverflaten, strekk seg mellom næringsområdet Galteråsen i søraust og Alver næringsområde i nordvest. Det er etablert kryssområde mot fylkesvegen både i nord og sør.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga og planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Planfaglege merknadar- planprogram:

Planprogrammet er lettfatteleg utforma og gjer greie for kva som skal konsekvensutgreiast. Vi ber om at det vert kartlagt eventuelle myrområde innanfor planområde, og evt. verdi av desse for å vurdere konsekvensar av ny utbygging.

Planprogrammet omfattar ikkje tema som samferdsle, kollektiv eller trafikksikring. Vi legg til grunn at dette vert handsama gjennom ROS-analysen og elles i det vidare planarbeidet. Det er vist til at det skal vere tilkomst til friluftsområde nord for næringsområdet. Behovet for gode trafikale løysingar for alle trafikantgrupper vert forsterka av dette.

Samferdsel

Tilkost til planområdet om rundkøyring i nordaust er regulert gjennom «Rv. 565 Isdalstø - Alverflaten» vedtatt i 2007. Rundkøyring vart bygd samstundes med at vegen om Isdalstø vart lagt om, rundt 2010. Vi legg til grunn at denne rundkøyringa har tilfredsstillande utbygd infrastruktur både for mjuke og harde trafikantar.

Krysset i nord er regulert gjennom eit eldre planarbeid «Ikeberget. Del av gnr. 137» vedtatt i 2002. Krysset har ikkje utbygd kapasitet for den bruk som er i dag. Vi meiner at det vidare planarbeidet må vurdere kapasitet og utforming av dette krysset og eventuelt innlemme det i planområdet, før det vert lagt til rette for endra og utvida bruk i krysset.

Ei trafikkanalyse som vurderer begge kryssområda ved fylkesvegen vil vere eit nyttig verktøy for å vurdere eventuelle behov for utbetring og trafikktrygging av veganlegga. Trafikkanalysen må vurdere avvikling, utforming av anlegg og trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Sidan

planarbeidet skal utvikle næringsområde må ein legge til grunn vognvog som dimensjonerande køyretøy.

Det vidare planarbeidet må ha fokus på god tilrettelegging for mjuke trafikantar og relevante rekkefølgjekrav for å sikre av løysingane vert realisert.

Kulturminne og kulturmiljø

Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Dette inneber at eventuelle kulturminne og kulturmiljø vert omtalt, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Dersom planforslaget er i konflikt med nasjonale og vesentleg regionale kulturminneverdiar kan Vestland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn til planen. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med regionalt kulturminnemynde for å finne gode løysingar før planen vert lagt ut på høyring.

Vi har i dag ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Området har likevel potensial for denne typen kulturminne i samband med bruk av utmark i førhistorisk tid. Slike kulturminne kan blant anna vere jarnvinne, tufter og tjøremile. Vi må difor gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på [nettsidene våre](#)

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på:

- Omsyn til natur, naturmangfald og kulturlandskap
- Trafikktryggleik for alle trafikantgrupper.
- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesvegen (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar mm.).
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule, friluftsområde).
- Byggjegrænse til fylkesveg der det er aktuelt.
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i byggje- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar.
- Tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.
- Vurdering av relevante rekkefølgjekrav for opparbeiding av infrastruktur.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Synnøve Stalheim
seksjonsleiar

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse

Tone Bøyum, seksjon for veg og infrastruktur

Berit Vik, seksjon for kulturarv

Sigrun Wølstad, seksjon for kulturarv

Ard Arealplan AS
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Vår dato: 06.07.2021
Vår ref.: 202110128-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 02.06.2021
Dykkar ref.: ard21002

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE sitt innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Galteråsen - Gnr.137 bnr. 832 mfl. - Alver kommune

Vi viser til brev datert 02.06.2021. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Galteråsen. Foremålet med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av eit nytt næringsområde.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningsslova (pbl).

Overvatn

Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrengoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning ovanifrå, som igjen kan føre til skader på bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.

NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

De bør kartlegge eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og drying av overvatn innanfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårleg, rår vi til at tiltaka vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Ann-Kristin Larsen
fung. seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

ALVER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Ard Arealplan AS
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Dato: 07.07.2021
Vår ref: 21/04725-2
Deres ref:

Fråsegn utan merknad til varsel om oppstart av planarbeid for Galteråsen næring gnr.137 bnr. 832 mfl. i Alver kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 2. juni 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mulig samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om planen

Føremålet med planen er å leggje til rette for utbygging av eit nytt næringsområde. Næringa ein ynskjer å leggje til rette for vil i hovudsak vere lagerverksemnd og annan plasskrevjande næring, ikkje detaljhandel.

Fråsegn utan merknad frå DMF

DMF kan ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressurser, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til varsel om oppstart av regulering for Galteråsen næring i Alver kommune.

Dersom handsaming av plana viser at den kan få følgjer for nokon av våre fagområde, ber vi om å få saka når den blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.



Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Gabriella Fure Briceno
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Gabriella Fure Briceno

Mottakarar:

Ard Arealplan AS

Nygårdsgaten 114

5008 BERGEN

Kopi til:



Statens vegvesen

ARD AREALPLAN AS
c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30
5008 BERGEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/114396-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.07.2021

Uttale til varsel av oppstart av reguleringsplanarbeid – Galteråsen næring gnr. 137 bnr. 832 mfl. i Alver kommune – planprogram og konsekvensutgreiing

Vi viser til brev frå Ard arealplan as, dagsett 02.06.2021. Varsel gjeld oppstart av reguleringsplanarbeid med planprogram og konsekvensutgreiing for Galteråsen næring gnr.137 bnr. 832 mfl. i Alver kommune. Merknadsfrist er sett til 30.07.2021.

Saka gjeld

Tiltakshavar er Romarheim Entreprenør AS og Lihiba AS. Planområdet er på ca. 137,8 daa og ligg langs Alverfalten mellom to eksisterande planområde. I hovudsak er det eigedomane gnr. 137 bnr. 832 og 804 mfl. som inngår i planområdet.

Planområdet er i kommuneplan for Lindås (2019–3031) avsett til næringsområde. Plankonsulent viser til at i tida fram til Alver kommune får eigen kommuneplan vil dei eksisterande overordna planane i tidlegare Lindås, Meland og Radøy gjelde som kommunedelplanar.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utbygging av eit nytt næringsområde. I hovudsak lagerverksemd og anna plasskrevjande næring, ikkje detaljhandel. Planen omfattar også ein samankopling mot eksisterande næringsområde søraust og nordvest for planområdet. Tilkomsten til planområdet vil vere gjennom det eksisterande næringsområdet i søraust.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og

andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Konkrete innspel til planarbeidet

Planområdet har tilkomst frå kommunal veg via rundkøyring på fv. 565. Langs fylkesvegen er det opparbeidd tilbod for mjuke trafikantar og det er etablert ei gangbru over fylkesvegen. Området ligg etter vår vurdering godt til rette for tilkomst gjennom gange, sykkel og bruk av kollektiv.

Statens vegvesen legg til grunn at eventuelle drøftingar og avklaringar knytt til trafiksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafiksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmonster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafiksikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens handbok V744.

Vidare planprosess/medverknad

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transport vest, Transportforvaltning

Med helsing

Ingelin Garen
fung. seksjonsleiar

Lars Ottar Sagstad
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Postboks 8112 DEP, 0032 OSLO

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020 BERGEN



22.11.21

ARD Arealplan AS
v/plankonulent
Lars Hillesgt 30
5008 Bergen
Kopi: Alver kommune

**Sak 21/1470 – Detaljregulering Galteråsen næringsområde, gbnr. 137/832 mfl.
Planid 46312021002**

Trollskogen barnehage SA er ikke varslet om planoppstart og planprogrammet. Barnehagen har fått fornyet avtale med Alver kommune om bruk av utearealer til barnehagen. Avtale med Alver kommune legges ved. (Gbnr 137/13) Det er ønskelig å fortsette å bruke utearealer slik barnehagen gjør i dag. Dette inkluderer også uteområde som barnehagen ikke har fått fornyet avtale med Alver kommune enda. (Gbnr 137/804) I planprosessen skal det legges særlig vekt på at barn og unge får delta i planarbeidet.

Trollskogen barnehage ønsker særlig å fremme barnehagebarnas interesser da barna store deler av dagen er ute i skogen og har sine aktiviteter der, særlig for uteavdelingen Trifolium. Vi gjennomfører store deler av vårt samfunnsmandat og innhold av Rammeplan for barnehagen ved å bruke naturen og friluftsområdet rundt barnehagen. De fleste barnehagebarna har i tillegg lokal tilknytning til området da de er bosatt på Ikenberget og omegn. Det påhviler da et særskilt ansvar å påse at de lokale barna sine interesser for uteaktiviteter i friområder blir tilgodesett i det videre planarbeidet. Vi ber om at plankonsulenten ta stiling til vår merknad. Videre ber vi om å få bli varslet ved utsending av planframlegget til offentlig ettersyn.



AVTALE OM BRUKSRETT TIL FAST EIGEDOM

1. Avtalepartane

Heimelshaver: Alver kommune
Adresse: Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø
Org nr: 920 290 922
Kontaktperson: Daniella Svindal Fernando
Epost: daniella.svindal.fernando@alver.kommune.no

Rettinghshavar: Trollskogen barnehage ikenberget AS
Adresse: Stølen 13, 5911 Alversund
Org.nr.: 982953006
Kontaktperson: Vera Sjøpstad
Epost: post@trollskogen-barnehage.no

Eigedommane: Gbnr. 137/351
Gbnr. 137/13

2. Avtalen gjeld

Avtalen gjeld bruksrett til kommunalt friområde på gnr .137 og bnr. 351 Ikenberget og gnr. 137 bnr. 13 i Alver kommune.

2.1 Bruksrett på gbnr. 137/351

Rettinghshavar har løyve til å bruke delar av kommunalt friområde på gbnr. 137/351 til sine uteaktivitetar.

Det aktuelle området er vist på vedlagt kartvedlegg, vedlegg 1.

Bruksretten gjeld utelukkande for uteaktiviteter i samband med barnehagedrifta. Rettinghshavar har løyve til å setja opp gjerde på 1 m høgde rundt det aktuelle området. Eksisterande gjerde skal ikkje rivast, men det skal etablerast port i dagens gjerde ut til det nye området.

Øvrige brukarar av friområdet skal ha full tilgang til området utanfor barnehagen si opningstid. Rettinghshavar pliktar å sørgje for at det er synleg at tilgangen gjeld og at den er godt skilta for allmennheten.

I nytt inngjerda område skal det setjast inn port i nordaust som vist på teikning, sjå vedlegg 1. Port kan ha låsemekanisme som hindrar barnehagebarn å koma ut, men skal ikkje låsast.

Leikeapparat og installasjonar som krev fast sikkerhetskontroll, skal utelukkande setjast opp på rettinghshavar sin eigen eigedom. Dersom det skal setjast opp andre mindre tiltak i friområdet skal dette godkjennast skrifteleg av heimelshavar.

Det kan ikkje fellast tre på det aktuelle friområdet utan løyve frå heimelshavar.



2.2 Bruksrett på gbnr. 137/13

Rettinghshavar får løyve til å setja opp gapahuk, montera klatretau, plattingar og mindre, reversible tiltak. Dersom rettinghshavar vel å ta i bruk større del av området, omfattar løyvet å setja opp nødvendig gjerde i vest og sør.

Tiltak på gbnr. 137/13 skal ikkje blokkera tursti som passerar området.

Det aktuelle området er vist på vedlagt kartvedlegg, vedlegg 2.

2.3 Generelt

Alle tiltak som rettinghshavar setjer opp i henhald til denne avtalen er tiltak rettinghshavar sjølv skal bekoste.

Rettinghshavar kan ikkje gjera endringer, herunder setje opp nye tiltak utan Heimelshavar sitt førehandssamtykke.

3. Leigeperioden

Avtala gjeld frå tidspunkt for signering og har ein varigheit på 10 år. I heile leigeperioden er det en gjensidig oppseiingstid på 2 år, regna frå slutten av inneverande år.

4. Drift og vedlikehald

Rettinghshavar har ansvar for drift og vedlikehald av dei aktuelle tiltaka dei sett opp på eigedommen iht. Punkt 2.

5. Opphøyr av avtalen

Leigetakar skal syte for at tiltaka, inkludert gjerdet er rydda og fjerna utan varige sår i terreng ved opphøyr av avtalen.

6. Endring av avtale

Eventuelle endringar til avtalen skal avtalast skrifteleg og utgjere eit endringsbilag til avtalen.

7. Overdraging av avtale

Overdraging av bruksretten i avtalen, er ikkje tillat utan skrifteleg førehandssamtykke frå Heimelshavar.

8. Tvist

Denne leigeavtalen blir regulert av norsk rett. Bergen tingrett er verneting

9. Tinglysing

Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomane. Alver kommune betalar tinglysingskostnadane.

10. Vedlegg

Vedlegg 1: Kartvedlegg gbnr. 137/351

Vedlegg 2: Kartvedlegg gbnr. 137/13



11. Signatur

Denne leigeavtala er underteikna i tre eksemplar, kor partane beheld eit eksemplar kvar.

Dato/stad:.....

Dato/stad:.....

Alver kommune

Trollskogen barnehage
Ikenberget AS

.....
Org nr: 920 290 922

.....
Org nr: 982 953 006